



Kinn kommune

TEMAPLAN: TRAFIKKTRYGGING

Kinn kommune 2021-2030

Forord

Vurdering av måloppnåing


Under er ein oppsummering og vurdering av måloppnåing i høve til førre trafikksikringsplan frå perioden 2013-2020.

Blant innmeldte tiltak i tidlegare Flora kommune er 23 av 52 tiltak gjennomført. Dette utgjer ein gjennomføringsgrad på 44 %. I tidlegare Vågsøy kommune er det gjennomført 26 av 51 innmeldte tiltak, dette tilsvara ein gjennomføringsgrad på 51 %.

Tidl. Flora kommune	Innmeldte tiltak	Tiltak gjennomført	Prosent gjennomført
Strakstiltak fylkes- og riksvegar	15	8	53 %
Strakstiltak kommunale vegar	6	3	50 %
Langsiktige tiltak: Fylkes og riksvegar	15	5	33 %
Langsiktige tiltak: Kommunale vegar	16	7	44 %
Totalt	52	23	44 %

Tidl. Vågsøy kommune	Innmeldte tiltak	Tiltak gjennomført	Prosent gjennomført
Strakstiltak fylkes- og riksvegar	13	8	61 %
Strakstiltak kommunale vegar	16	12	75 %
Langsiktige tiltak: Fylkes og riksvegar	13	2	15 %
Langsiktige tiltak: Kommunale vegar	9	4	44 %
Totalt	51	26	51 %

I perioden 2008-2013 som var før trafiktryggingsplan for 2013-2020 var det registrert 73 trafikkulukker med personskade. Blant desse ulukkene er det registrert tre drepne, seks hardt skadde og 88 lettare skadd – totalt 97 personar. I perioden 2014-2019 er det registrert 60 ulukker kor tre vart drepne, 16 hardt skadd og 53 lettare skadd - totalt 72 personar.



Figur 1: Tabellane ovanfor samanliknar ulukkestal frå 2008-2013 og 2014-2019. Dette er for å synleggjere ulukkestala før og etter førre trafiktryggleiksplan 2013-2020.

Dersom ein samanliknar perioden 2008 – 2013 og 2014 – 2019 har det vore ein reduksjon i talet på registrerte trafikkulukker med personskade på **-18 %**. Det totale talet på registrerte personskadar involvert i trafikkulukker har hatt ein reduksjon på **-29 %** frå perioden 2008-2013 til 2014-2019. Lettare skadde har hatt ein reduksjon på ca. **-40 %**. Talet på hardt skadde har auka mykje frå seks i perioden 2008-2013 til 16 i perioden 2014-2019 – dette tilsvarar ein auke på **166 %**. Talet på drepne er uendra med tre personar.

Basert på tala over tyde desse på at trafikksikringsarbeidet i Kinn kommune peikar totalt sett i riktig retning. Det er ein god gjennomføringsevne av innmeldte tiltak som vil gje ein auka trafiktryggleik

for innbyggjarar i Kinn kommune langs riks, fylkes og kommunal veg. Sjølv om det totalt sett har vore ein nedgang i talet på trafikkulukker og talet på skadde, er det er diverre framleis mange som blir drepne og hardt skadd i trafikken i Kinn kommune. Det har særleg vore ein negativ utvikling i talet på hardt skadde i Kinn kommune. Det må difor arbeidast målretta og systematisk vidare for å redusere dessa tal ytterlegera i komande periode.

Planprosess

Det blei i samferdsleutvalet i sak 11/20 den 27. november 2020 vedteke oppstart av revisjon av trafikktryggleiksplan for 2021-2030. Det blei varsla oppstart og moglegheit for å kome med innspel til plan og behov for tiltak i perioden 15. februar – 12. mars. Trafikktryggleiksplana vart lagt ut for offentleg ettersyn i perioden: 30. april-16. mai 2021.

Vedteken plan skal leggjast til grunn for det vidare arbeidet med trafikktryggleik i kommunen. Det skal arbeidast systematisk og målretta for å nå Kinn kommune sin visjon, satsingsområde og mål i komande periode.

Følgjande har delteke i arbeidsgruppa ved revisjon av trafikktryggleiksplanen:

Namn	Organisasjon
Odd Henning Svoren	Kinn kommune – avdelingsleiar kommunale vegar/gatelys, Måløy
Sigmund Solheim	Kinn kommune – avdelingsleiar kommunale vegar/gatelys, Florø
Frode Ellingsund	Kinn kommune – Teknisk leiar
Oddvar Andreas Skrede	Statens vegvesen
Susanne Stølheim Aasen	Vestland fylkeskommune
Linn Kathrin Bakke	Vestland fylkeskommune
Kåre Toreid	Politiet
Knut Olav Nestås	Trygg Trafikk
Mats Korneliussen	Oppdragsleiar - Norconsult

Arbeidsgruppa har hatt jamlege arbeidsmøter og har saman kome med innspel til utforming og innhald av planen. Det har vore eit godt samarbeid med Samferdselsutvalet i Kinn kommune gjennom heile prosessen. Kinn kommune og arbeidsgruppa ynskjer å takke alle som har bidrege i arbeidet med ny trafikktryggleiksplan og kome med forslag til trafikktryggingstiltak i heile kommunen.


Temaplan: Trafikktrygging er utarbeidd av Norconsult v/Mats Korneliussen.

Nasjonale og regionale føringar for trafikksikringsarbeidet

Nasjonal transportplan

Nasjonal transportplan (NTP) 2022–2033 presenterer heilheita i regjeringa sin transportpolitikk for dei neste 12 åra. Regjeringa har lagt vekt på å utvikle eit godt transportsystem som gjev fridom og moglegheiter for alle, aukar livskvaliteten, bidreg til verdiskaping, beskyttar og reddar liv samt bidreg til betre helse, miljø og klima. Verdas berekraftsmål har vært med på å gje retning for arbeidet med transportplanen. Regjeringa har sett fem likestilte mål som gjev retning for korleis ressursane skal brukast framover:

1. Meir for pengane.
2. Effektiv bruk av ny teknologi.
3. Bidra til at Norge sine klima- og miljømål verte oppfylt.
4. Nullvisjon for drepne og hardt skadde.
5. Enklare reisekvardag og auka konkurranseevne for næringslivet.



Figur 2: Dei fem måla for transportsektoren i NTP 2022-2033

Noreg arbeidar mot ein visjon om eit transportsystem der ingen blir drepne eller hardt skadde – nullvisjonen. Regjeringa har i tillegg følgjande ambisjon:

«Innan 2030 skal det maksimalt vere 350 drepne og hardt skadde i vegtrafikken, kor av maksimalt 50 drepne. Ingen skal omkomme i vegtrafikken i 2050.»

Nullvisjonen sine tre grunnpilarar:

Etikk: Eitkvart menneske er unikt og uerstatteleg. Vi kan ikkje akseptere at eit stort tal på menneskjer blir drepne eller hardt skadd i trafikken kvart år.

Vitskapeleg: Mennesket sine fysiske og mentale forutsetningar er kjent og skal liggje til grunn for utforminga av vegsystemet. Kunnskapen om vår avgrensa meistringsevne i trafikken og toleevne i ein kollisjon skal leggje premissene for val av løysningar og tiltak. Vegtrafikksystemet skal leie trafikantane til sikker åtferd og beskytte dei mot alvorlege konsekvensar av normale feilhandlingar.



Ansvar: Trafikantane, myndigheitene og andre som kan påverke trafikksikkerheita, har eit delt ansvar. Trafikantane har ansvar for sin egen åtfærd; dei skal vere aktsame og unngå bevisste regelbrot. Myndigheitene har ansvar for å tilby eit vegsystem som legg til rette for mest mogleg sikker åtfærd og beskyttar mot alvorlege konsekvensar av normale feilhandlingar. Transportkjøparane og -tilbydarar har ansvar for å leggje til rette for ein sikker transport. Køyretøyleverandørane og -produsentane har ansvar for å tilby, utvikle og produsere trafikksikre køyretøy. Andre aktørar, som for eksempel politiet og ulike interesseorganisasjonar, har også eit ansvar innanfor sine område for å bidra til at trafikksikkerheita blir best mogleg.

Barnas Transportplan

Barn og unge er både dagens og framtidens trafikantar. Med Barnas transportplan vil regjeringa sikre barn og unge god mobilitet, samtidig som det skal vere trygt å ferdist i trafikken. Langsiktig arbeid med å redusere trafikkulukker har gjeven særskild gode resultat når det gjeld barn og unge. Eit godt transportsystem skal vere trafikksikkert og tilpassa alle, og lar barn og unge leve aktive liv i bygd og by. God trafikk- og arealplanlegging tek omsyn til de yngste og deira behov.

Regjeringa vil i Barnas transportplan:

- Gje barn gode moglegheiter til å vere aktive og sjølvstendige trafikantar.
- Ta omsyn til barn og unges behov i areal- og transportplanlegginga.
- Prioritere ei ramme på 500 mill. kroner i første seksårsperiode til tiltak som betrar trafikksikkerheita for barn og unge, her under etablere ei tilskotsordning for å stimulere til lokalt arbeid for trygge skoleveggar og nærmiljø.

Effektivt, attraktivt og trygg er stikkord for å leggje til rette for barn og unge sin ferdsel. Kunnskap om kva som er viktig for barn og unge og deira ferdsle bør liggje til grunn for kor tiltak vert set i verk. Infrastrukturen må vere effektiv på barna sine premisser. For eksempel må det takast omsyn til barn sine behov når gang- og sykkelveggar planleggast. Barn og unge skal takast med inn i planprosessar etter plan- og bygningsloven. Dette er med på å ta vare på deira interesser, og gje betre løysningar for samfunnet.

Regional transportplan – Vestland

Regional transportplan (RTP) 2022-2033 er det øvste plandokumentet for den langsiktige utviklinga av transportsektoren i Vestland. Den skal omtale alle delar av samferdsle og transport i fylket, som vedlikehald og utbygging av fylkesvegnettet, sykkel- og gangstiar, Bybanen, reiseområde og båt og ferje. Måla og strategiane i RTP skal sikre ein trygg, berekraftig og nyskapande transportsektor i heile Vestland. RTP vil ha eit kunnskapsgrunnlag der ein ser på utviklingstrekk og framtidige utfordringar innan transportsektoren. Den vil også ha eit 4-årig handlingsprogram med oversikt over planlagde tiltak og investeringar i perioden.

RTP skal legge føringar for prioriteringane fylkeskommunen gjer innan sektoren. Den gjev også føringar for korleis fylket skal jobbe for å sikre interessene innan samferdsle som ligg utanfor fylket sine ansvarsområde.

**Regional transportplan for Vestland fylke, RTP 2022 - 2033, blir vedtatt i fylkestinget i desember 2021. Planutkastet vert sendt på offentleg høyring i juni 2021.*

Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit 2022-2025

Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit er ein fireårig plan for trafikksikkerheitsarbeidet i Noreg. Planen har til hensikt å gje ei samla framstilling av korleis dei ulike aktørane som arbeider med trafikksikkerheit saman skal kunne bidra til reduksjon i talet på drepne og hardt skadde i samsvar med nullvisjonen og i samsvar med gjeldande Nasjonal transportplan. I planen skal det utarbeidast ein tiltaksplan med organisatoriske, fysiske og åtferd- og haldningstiltak som skal bidra til felles faglege tiltak og styrke samarbeidet mellom dei ulike aktørane innanfor trafikksikkerheitsarbeidet.

**Oppstart av arbeidet med ny plan starta mars 2021. Endeleg utgåve av «Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit på veg 2022-2025» er planlagt ferdig ca. 1. mars 2022 og vert då sendt til Samferdselsdepartementet.*

Samfunnsdelen til kommuneplanen i Kinn 2020 - 2032

Visjonen til Kinn kommune er; *handlekraft på kysten*. Visjonen viser kva kommunen skal arbeide for og satsingsområde kommunen skal jobbe med er:

- I Kinn tek vi vare på naturen og er klima- og miljøvennlege.
- Det er attraktivt å bu, besøke og drive næring i Kinn. Kystkvalitetane og kystressursane gir oss fortrinn.
- Alle har det bra der dei bur og får i alle aldrar tenester i nødvendig omfang og kvalitet.

Kommuneplanen består av ein arealdel og ein samfunnsdel. Arealdelen seier kvar det kan bygge ulike typar bygg som til dømes bustader, hytter og næringsbygg, kvar det ikkje kan byggast og kvar det til dømes er farar eller viktige verdiar som det må takast omsyn til. Samfunnsdelen er det overordna strategiske dokumentet som med mål og strategiar viser kva retning Kinn kommune vil samfunnet skal gå i.

Kommunal trafikksikringsplan

Målet med ein kommunal trafikktryggleiksplan er å auke kommunen sin innsats innanfor trafikksikkerheitsarbeidet. Trafikktryggleiksplanen skal vere forankra i kommunen sitt politiske og administrative system. Dette bidreg til eit meir samordna fokus på trafikksikkerheit i alle ledd i kommunen, som blant anna innan arealplanlegging. Det er særleg viktig at den kommunale trafikktryggleiksplanen følgjer opp og samsvarer andre overordna kommunale dokument, som til dømes samfunnsdelen i kommuneplanen.

Det har sidan 2001 vore ein føresetnad for å kunne få statleg støtte til planlegging og gjennomføring av trafikksikringstiltak på fylkes- og kommunalveg at kommunen har ein vedteken trafikktryggleiksplan.

Den kommunale trafikktryggleiksplanen viser til blant anna kva som er visjon, målsetjing og satsingsområde for trafikksikringsarbeidet i kommunen i komande år. Trafikktryggleiksplanen har i hovudsak fokus på haldning og åtferdstiltak, men planen opnar også opp for at innbyggjarar i kommunen kan kome med innspel om behov for fysiske trafikksikringstiltak. Kommunen skal på si side arbeide systematisk med åtferd- og haldningstiltak samt å utføre dei fysiske tiltaka som er forankra og prioritert i gjeldande plan.

Organisering av trafikksikringsarbeidet

Kinn kommune

Trafikksikringsarbeidet i Kinn kommune kan delast inn i tre hovudområde som er nærare skildra under.

Organisatoriske tiltak:

Temaplan: Trafikktrygging skal vere forankra og leggjast til grunn i all planlegging, utbygging, sakshandsaming og politiske vedtak i kommunen. Utval og sektor for samfunn, kultur og miljø med tenesteområde samferdsleutgreiing/plan har eit særskilt ansvar for å syte for at trafikktryggingsarbeidet blir følgt opp og arbeid systematisk med i alle deler av kommunen.

Åtferd- og haldningstiltak:

Kinn kommune skal vere eit forbilde når det kjem til trafikksikker åtferd og haldningar. Det skal arbeidast systematisk i kommunen med åtferd og haldningstiltak i alle relevante delar av kommunen som; barnehage, skule, eldre og dei med funksjonsnedsetjing. Det skal takast med mål knytt til trafikksikring i bla. læreplanane i skule og barnehage. Det er eit ynskje at færre foreldre køyrer barna sine til skule og idrettsaktivitetar, og at fleire barn og unge som har moglegheit går eller sykklar.

Kommunalt tilsette skal gå føre som eit godt døme og følgje dei lover og reglar som gjeld for trafikksikkerheit. Kinn kommune skal ta initiativ til åtferd og haldningstiltak og støtte opp under aktuelle arrangement og kampanjar knytt til trafikksikker åtferd og haldningar.

Fysiske tiltak:

Det er til ei kvar tid gjeldande utval for samferdsle som har det politiske ansvaret for trafikksikringstiltak i Kinn kommune. Det administrative og utførande ansvaret ligg hos *teknisk* som er ansvarleg for å gjennomføre tiltak. Fysiske trafikksikringstiltak som er prioritert og som det skal arbeidast for å gjennomføre i perioden 2021-2030 i Kinn kommune er vist i kap «Tiltak 2021-2030».

Kinn kommune skal ta vare på naturen og er klima- og miljøvennlege. Berekraftsmåla til FN skal derfor leggjast til grunn i all planlegging og prioritering av tiltak knytt til framkomst og trafikksikkerheit i kommunen.

Statens vegvesen

Statens vegvesen sitt oppdrag er å utvikle og legge til rette for eit heilskapleg og framtidsretta transportsystem i heile landet som fremjar framkomst, reduserer transportulukkene og bidreg til omstilling til lågutsleppssamfunnet.

Statens vegvesen er vegmyndigheit for riksvegane og har ansvar for å forvalte, utreie, planlegge, bygge, drifte og vedlikehalde riksvegar. Dei er også løyvemyndigheit for riksveg ferjesamband og person- og godstransport og tildeler einerettar til drift av riksvegferjesamband. Som fagleg sektormyndigheit for vegtransport har Statens vegvesen eit overordna ansvar for å følge opp nasjonal politikk for heile det offentlege vegtransportsystemet. Med det offentlege vegtransportsystemet meiner ein både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar og gater, inkludert løysingar for gåande og syklende.

Statens vegvesen har vidare ansvaret for å utvikle tydelege regelverk og standardar for smart transport og moderne vegbygging som gjeld for alle vegar. Slik bidreg dei til å gje oss eit heilskapleg, enkelt og sikkert transportsystem, uavhengig av kven som eig eller driftar vegen.

Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune har eit breitt ansvar for trafikktryggleiken som regional myndigheit og utviklingsaktør, vegeigar og skuleeigar. Frå 1. januar 2020 har fylkeskommunen også eit utvida ansvar for fylkesvegane, då dei har overtatt oppgåvene som Statens vegvesen tidlegare har utført på fylkesveg. Døme på dette er planlegging, utbygging, drift, vedlikehald og beredskap.

Fylkeskommunen har etter §40a i vegtrafikklova (1965) eit ansvar for å tilrå og samordna tiltak for å fremja trafikktryggleiken i fylket. Etter folkehelselova (2011) §20 har fylkeskommunen eit ansvar for å fremja folkehelse innan dei oppgåver og med dei verkemiddel som fylkeskommunen er tillagt. Fylkeskommunen skal også understøtta folkehelsearbeidet i kommunane, og vera ein pådrivar og koordinator for folkehelsearbeidet i fylket. Fylkeskommunen er høyringspart for kommunale trafiksikringsplanar.

Trafikktryggingsarbeidet i Vestland fylkeskommune vert forankra i ny Regional transportplan for Vestland 2022-2033 (RTP), og i handlingsprogram for trafikktrygging i Vestland 2022-2025. Planutkast til ny regional transportplan vert sendt på høyring i juni 2021, og skal vedtakast i desember 2021. Inntil vidare er Vestland fylkeskommune sine satsingsområde i trafikktryggingsarbeidet forankra i budsjettokumentet for 2021. Desse er:

- Trafiksikringsarbeid i kommunane
- Møte- og utforkøyringsulukker utanfor tettbygde strok
- Mjuke trafikantar i regionsenter og langs skuleveg

Nasjonal transportplan 2018-2029 har som mål at talet på personar som vert drepne eller hardt skadde i vegtrafikken maksimalt skal vera 350 i året innan 2030. Måltal for Vestland er 44 drepne og hardt skadde innan den tid - ei halvering av dei 87 som vart drepne og hardt skadde i dei gamle fylka i 2018.

Politi

Hovudmålet for politiet sitt trafiksikringsarbeid er å redusere talet på drepne og hardt skadde i trafikken. Det arbeidast derfor både med kontrolltiltak knytt til bla. fart, promille og beltebruk, men også med førebyggjande tiltak ovanfor mjuke trafikantar - med særleg fokus på dei yngste. Slikt arbeid vert ofte gjort i samarbeid med skulen.

Trygg Trafikk

Trygg Trafikk er ein uavhengig landsomfattande organisasjon for det frivillige trafikktryggleiksarbeidet i Noreg. Organisasjonen fungerer som eit bindeledd mellom frivillige aktørar og offentlege mynde, som har ansvar for trafikktryggleik.

Trygg Trafikk bygger nettverk ved å vera ein medlemsorganisasjon, skapa møteplassar, arrangera ein årleg nasjonal konferanse og samarbeida med andre om trafikktryggleikspolitiske saker. Organisasjonen er eit kompetansesenter for trafikkopplæring av born og unge i Norge.

Trygg Trafikk arbeidar for å oppnå best mogeleg trafikktryggleik for alle trafikantgrupper og er pådrivar i trafikktryggleiksarbeidet både lokalt og nasjonalt. Dei har eit vedtektsfesta ansvar for at trafikkopplæring og informasjon om trafikktryggleik vert gjennomført som eit ledd i ein samordna innsats mot trafikkulukker.

Andre viktige aktører


Utanom dei som er omtalt over er det også mange andre etatar og organisasjonar som tek del i trafikksikringsarbeidet i kommunen, anten det er i form av trafikantopplæring, førebyggjande tiltak eller at dei på andre måtar er direkte involvert i arbeid med trafikkulukker. Vi kan mellom anna nemne køyreskular, hjelpekorpsa, helsevesenet og sjølvstøtt foreldre som har eit særleg ansvar for tidleg åtferdstrening og haldningsskapande arbeid. Det må vere heilt klart at foreldre har eit overordna ansvar for å oppdra barna til å oppføra seg på ein god måte i trafikken, og korleis dei nyttar seg av sikringsutstyr som t.d. refleks og hjelm. På denne måten bidrar foreldre til å skape god og trafikksikker åtferd og haldning for framtidige trafikantar i kommunen.

Uluksesanalyse


I det følgende vert ulukkesanalyse for Kinn kommune i perioden 2011 – 2019 presentert (tal frå 2020 takast med når desse er tilgjengeleg i mai/juni). Data om ulukkene er henta frå Statens vegvesen sitt trafikkulukkesregister «Trine». Uluksesanalysen er basert på politiregistrerte ulukker med personskade. Ulukker som ikkje er politiregistrert vil difor ikkje kome med i statistikken. Med bakgrunn i dette kan det vere mørketal/underrapportering knytt til ulukker kor det ikkje har vore personskade involvert.

Registrerte trafikkulukker 2011 - 2019


I perioden 2011-2019 er det registrert 96 ulukker med personskade. Blant desse ulukkene er det registrert 116 personar med personskade.



Figuren under viser talet på registrerte trafikkulukker fordelt pr. år. Det er registrert flest trafikkulukker med personskade i 2011 med 17 ulukker og i 2018 med 16 registrerte trafikkulukker med personskade. Det er åra 2013 og 2019 som har det lågaste talet på registrerte trafikkulukker med personskade med høvesvis sju ulukker. Sjølv om det er årelege variasjonar i talet på ulukker er det vurdert å vere ein nedgåande trend i talet på registrerte trafikkulukker med personskade.



Figuren under viser registrerte trafikkulukker fordelt på måned frå 2011-2019. Tala viser ei relativt jamn spreing av ulukker fordelt på måned. Det har hendt flest ulukker i april, juli og oktober måned, med høvesvis ti ulukker. Det er registrert færrest ulukker i februar måned med berre fire ulukker. Dei andre månadane fordeler seg jamt med mellom sju og ni ulukker.



Det er registrert flest ulukker mellom måndag og fredag (yrkesdøgn) med 77 ulukker i Kinn kommune. Det er registrert 19 ulukker i helgedøgn (laurdag, sundag og heilagdagar).

Årstal	Yrkesdøgn	Helgedøgn	Sum
2019	6	4	7
2018	14	2	16
2017	5	4	9
2016	6	2	8
2015	9	1	10

2014	9	1	10
2013	5	2	7
2012	10	2	12
2011	15	2	17
Sum	77	19	96


Yrkesdøgn: Er den totale trafikken i eit punkt på ei trafikklenke for dagane måndag t.o.m. fredag med unntak av dei dagane som er definert som heilag dagar (raude dagar) dividert på talet yrkesdøgn i løpet av eit kalenderår.

Helgedøgn: Er den totale trafikken i eit punkt på ei trafikklenke for dagane laurdag og sundag pluss alle andre vekedagar som er definert som heilag dagar (raude dagar) dividert på talet for slike dagar i løpet av eit kalenderår.


Årstal	Morgonrush 07:00-08:59	Formiddag 09:00-14:59	Ettermiddagrush 15:00-17:59	Kveld 18:00- 23:59	Natt 00:00- 06:59	Sum
2019	1	3	2	1	0	7
2018	2	3	6	4	1	16
2017	0	4	2	3	0	9
2016	0	3	1	2	2	8
2015	3	4	0	3	0	10
2014	1	3	4	2	0	10
2013	0	4	1	2	0	7
2012	2	3	1	6	0	12
2011	4	5	3	3	2	17
Sum	13	32	20	26	5	96

Det er registrert flest ulukker i tidsrommet formiddag kl: 09:00 – 14:59 med totalt 32 ulukker. Mellom kl: 18:00 – 23:59 er det registrert 26 ulukker som er det nest høgaste. Det er berre registrert 20 ulukker i tidsrommet kl: 15:00 – 17:59, og 13 ulukker mellom kl: 07:00 – 08:59. Det er registrert færrest ulukker om natta mellom kl: 00:00 – 06:59.

Det er i perioden frå 2011 – 2019 registrert 96 ulukker med personskade. Blant desse ulukkene er det registrert total 116 drepne og skadde personar. Det er registrert fire drepne i trafikkulukker i Kinn kommune i denne perioden. Det er registrert 20 personar som har vore hardt skadde i forbindelse med trafikkulukker. Det er registrert flest lettare skadde med 92 personar.




Dersom ein ser på fordeling av registrerte personskadar basert på alder, er det fleire aldersgrupper som peikar seg negativt ut. Aldersgruppa 18-19 år som berre strekker seg over to år har blant det høgaste talet på lettare skadde i perioden 2011 – 2019. Det har også vore registrert ein drepne og ein hardt skadd i denne aldersgruppa. Aldersgruppa 54-54 år peikar seg også negativt ut med to drepne, tre hardt skadd og 15 lettare skadde. Det er ikkje registrert trafikkulukker med personskade i aldersgruppa 0-5 år.



Ser ein på registrerte skadde fordelt på kjønn er det tydeleg at det er flest menn som blir skadd i ulukker i kommunen. Blant dei skadde er 74 av 116 personar menn – 63,7 %. Det er registrert 42 personskadar blant kvinner – 36,3 %. Det er tydeleg at det er langt fleire menn som blir skadd i trafikkulukker i Kinn kommune enn kvinner.

Det er berre menn som har vore blant dei fire drepne. Menn er registrert med 13 hardt skadde som tilsvarar 65 % av alle hardt skadde i trafikken i Kinn. Kvinner står for 35 % av dei hardt skadde i trafikken. Blant dei lettare skadde er menn registrert med 62 % og kvinner 38 % av ulukkene.



Blant dei 96 registrerte trafikkulukkene med personskade har 44 ulukker (46 %) skjedd på fylkesvegnettet. 37,5 % av ulukkene har skjedd på riksvegnettet. Blant alle dei registrerte trafikkulukkene er det berre registrert seks ulukker på kommunal veg som tilsvarar 6,2 % av alle ulukkene.

Tabellen under viser fordelinga av registrert skadegrad fordelt på vegtype. Alle ulukkene med drepne har skjedd på riksveg. Blant dei hardt skadde er 12 ulukker registrert på riksveg, dette tilsvarar 60 % av alle hardt skadde i denne perioden. Det er fem personar som har vorte hardt skadd på fylkesvegnettet, dette tilsvarar 25 %. Blant dei lettare skadde står riks- og fylkesvegnettet for høvesvis 31,5 % og 53,2 % av alle lettare skadde. Det er på kommunal veg ikkje registrert drepne. Det er registrert ein hardt skadd - 5 % og fem lettare skadd – 5,4 % på kommunalt vegnett i Kinn kommune.

Vegkategori	Drepne	Hardt skadd	Lettare skadd	Sum
Riksveg	4	12	29	45
Fylkesveg	0	5	49	54
Kommunal veg	0	1	5	6
Privat veg	0	1	4	5
Skogsbilveg	0	1	3	4
Ukjend	0	0	2	2
Sum	4	20	92	116



Utforkøyringsulukker står for 44 av 96 ulukker – dette tilsvara 45,8 % av alle registrerte trafikklulukker i Kinn kommune. Det er registrert 16 møteulukker som tilsvara 16,6 % av alle ulukker. Det er registrert ti ulukker med fotgjengarar som tilsvara 10 %.

Blant dei fire drepne i trafikken i Kinn er et er to drepne i møteulukker, ein fotgjengar og ein drepne i forbindelse med utforkøyringsulukke. Det er sju personar – 35 % som har vorte hardt skadd i møteulukker, tre – 15 % blant hardt skadde fotgjengarar og fem – 25 % hardt skadd i utforkøyringsulukker. Utforkøyringsulukker står åleine for 50 % av alle lettare skadd i trafikken i Kinn kommune.

Blant fotgjengarulukkene har fire ulukker skjedd på vegstrekning utanfor kryss/avkøyrse. To ulukker har skjedd i fire-arma vegkryss, ei ulukke har skjedd ved avkøyrse, og tre ulukker har skjedd på parkeringsplass, torg ol. Det er registrert ei fotgjengarulukke i alderskategoriane 6-15 år og 18-19 år. Det er fire skadde fotgjengarar i alderskategorien 45-54 år, tre i alderskategorien 65-74 år og ein fotgjengarulukke med ukjent alder. Det er berre ei fotgjengarulukke som har skjedd med ferdselsformål «til/frå skule». Dei andre fotgjengarulukkene har skjedd med ferdselsformål «til/frå arbeid», «i arbeid» og «anna/ukjent».

Blant dei registrerte ulukkene med personskaade har 50 % skjedd på strekningar med fartsgrense 80 km/t. 24 av 96 ulukker – 25 % har skjedd på strekningar med fartsgrense 50 km/t. Det er registrert ni ulukker med fartsgrense 60 km/t. Det er berre registrert til saman fire ulukker - 4,2 % på strekningar med fartsgrense 30 og 40 km/t.

Når det gjeld vêrforhold så har 62 av 96 - 64,5 % ulukke har skjedd med «god sikt, opphald». Det er registrert 28 ulukker – 29,1 % med «god sikt, nedbør». Dette er til saman 93,6 % av ulukkene. For føreforhold er det registrert «tørr, bar veg» blant 43 av 96 ulukker – 44,8 % og «våt, bar veg» i 39 av 96 ulukker – 40,6 %. Blant lysforhold er 67 av 96 ulukker – 69,8 % skjedd når det har vore dagslys. 12 ulukker – 12,5 % har skjedd når det var mørkt med vegbelysning og 15 ulukker – 15,6 % har skjedd når det var mørkt utan vegbelysning.



Visjon og målsetjing

Visjon

Nullvisjonen i Noreg er eit transportsystem der ingen blir drepne eller hardt skadde. For vegtrafikken er regjeringa sin ambisjon at det innan 2030 maksimalt skal vere 350 drepne og hardt skadde, med maksimalt 50 drepne, samt at ingen skal verte drepne i vegtrafikken i 2050. Kinn kommune skal bidra for å nå nullvisjonen og regjeringa sine ambisjonar og har difor vedteke følgjande visjon for trafikktryggleik i Kinn kommune:

Ingen skadde eller drepne på vegane i Kinn

Visjonen inneber eit felles ansvar kor Kinn kommunen har ansvar for å syte for at det blir arbeid systematisk med trafikkisikring opp mot; åtferd- og haldningskampanjar, planlegging, drift- og vedlikehald og at det blir gjennomført trafikkisikringstiltak på vegnettet i kommunen. Innbyggjarar og andre som går, sykklar og køyrer i kommunen har eit ansvar å følgje trafikkreglane og syte for trafikkisikker åtferd ved ferdsel på eller langs vegnettet.

Satsingsområde

Kinn kommune skal fokusere på følgjande satsingsområde for det vidare trafikkisikringsarbeidet i kommunen i perioden 2021 – 2030.

- Redusere talet på drepne og hardt skadde.
- Redusere talet på utforkøyringsulukker.
- Etablere samanhengande gangnettverk og leggje til rette for bruk av sykkel.
- Betre tilgjengelegheita til kollektivknutepunkt.
- Fokus på åtferd- og haldningstiltak blant alle trafikantar men særleg barn og unge samt aldersgruppa 18-20 år.
- Arbeide for å bli godkjent som trafikkisikker kommune.
- Sette krav om universell tilgjenge ved utforming av fysiske trafikkisikringstiltak der dette er mogleg.
- Trygge skulevegar og områder framfor skulen ([Hjertesone](#))

Mål og strategiar for trafikksikringsarbeidet i Kinn kommune

Åtferd og haldningstiltak	Tiltak
	Etablere Hjertesone rundt alle skular i kommunen.
	Fokus på å auke talet på elevar som går og sykklar til skulen der dette er tilrettelagt for.
	Årleg «Aksjon skuleveg» for barneskuler, med fokus på bla. refleks, sykkel og trafikksikker åtferd.
	Samarbeide med politi om gjennomføring av kontrollar ved barneskuler.
	Informasjon og kampanjar retta mot barn og unge samt aldersgruppa 18-20 år.
	Kommunen skal ta initiativ til åtferd og haldningstiltak og støtte opp under aktuelle arrangement og kampanjar knytt til trafikksikker åtferd.
	Utarbeide interne retningslinjer for trafikksikker åtferd- og haldningar blant kommunalt tilsette og bruk av tenestebil.
Organisatoriske tiltak	Tiltak
	Arbeide for å bli godkjent som trafikksikker kommune.
	Prioritere tilstrekkeleg midlar til trafikksikringstiltak og satsingsområde.
	Administrasjon orienterer årleg om status på utførte tiltak.
	Administrasjon prioriterer årleg nye tiltak i orienterer relevante politiske utval
	Kommunen sin arealplanlegging, private reguleringsplanar og byggesaksbehandling skal gje føringar for trafikktryggleik i tråd med temaplan: trafikktrygging.
	Syte for at kommunen til ei kvar tid har gyldig trafikksikringsplan som oppfyller vilkår for tildeling av statlege og fylkeskommunale midlar.
Fysiske tiltak	Tiltak
	Gjennomføre fysiske tiltak i tråd med innmeldte behov.
	Ved utforming av fysiske trafikksikringstiltak har kommunen som mål å støtte krav om universell utforming.
	Det skal leggjast større vekt på tiltak som hindrar dødsulukker og ulukker med alvorleg og varig personskade.
	Det skal vere fokus på trafikksikkerheit i samband med vegvedlikehald i kommunen.

Tiltak 2021-2030

Tiltaka under er basert på innspel frå innbyggjarar, Kinn kommune og andre. Det er gjort ein overordna vurdering av alle innspela og deretter laga ei prioritert liste. Tiltaka er fordelt på kommunal, fylkes- og riksveg og er sortert basert på følgjande tiltakskategori.

Tiltaks kategori	Beskriving
Fortau/gang- og sykkelveg	Gjeld tiltak retta mot mjuke trafikantar for å betre trafiksikkerheit og framkomst.
Trafikkregulering	Gjeld skilting som blant anna; fartsgrense, parkering forbod, innkøyring forbod.
Kryssingspunkt/gangfelt	Tiltak som gjeld kryssing av veg i form av anten tilrettelagt kryssingspunkt eller etablering av gangfelt.
Veglys Tiltak	Etablering og oppgradering av veglys langs køyreveg og gangvegar og eksisterande kryssingspunkt/gangfelt.
Vegutbetring	Tiltak knytt til oppgradering av eksisterande veg. Gjeld også blant anna etablering av møteplassar, tiltak i vegkurve og rassikring.
Veg- og brurekkverk	Tiltak knytt til oppgradering og eller etablering av nytt veg- og brurekkverk.
Siktutbetring	Utbetring av sikt i vegkurvar, kryss og avkøyrslar.
Anna	Tiltak som ikkje fell inn under kategoriane ovanfor.

Tiltak vert prioritert som høg, middels og mindre prioritert ved bruk av fargekodar. Tiltak som er vidareført frå førre trafiksikringsplan til Vågsøy og Flora kommune vert merka med (Tfp) i kolonna innspel. Andre innspel som kjem frå Kinn kommune blir merka som administrative innspel (Adm) i same kolonne. Plassar og/eller strekningar kor det har kome liknande innspel på vert merka med (Fl). Nye innmeldte tiltak til planen er ikkje merka.

	Høg prioritert	Middels prioritert	Mindre prioritert
Innspel	Tiltak frå førre plan (Tfp)	Tiltak vidareført frå tidlegare trafiksikringsplanar frå Vågsøy og Flora som ikkje er gjennomført	
	Administrative innspel (Adm)	Innspel til tiltak frå Kinn kommune	
	Fleire innspel (Fl.)	Plassar og/eller strekningar kor det har kome fleire liknande innspel	

Innmeldte tiltak blir sortert mellom strakstiltak og langsiktige tiltak.

Strakstiltak	Strakstiltak er tiltak som kan gjennomførast på eigen veggrunn og innan eigedomsgrrensa til vegen. Den enkelte vegeigar kan vurdere, handsame og fatte vedtak knytt til etablering og gjennomføring av tiltaka. Det vil ofte vere knytt mindre økonomiske kostnader ved gjennomføring av tiltaka.
Langsiktige tiltak	Langsiktige tiltak krev bla. utarbeiding av reguleringsplanar, prosjektering, grunnavståing og/eller krev større økonomiske midlar til gjennomføring. Det vil seie at sjølv om tiltaket er høgt prioritert kan det ta tid før tiltaket kan bli realisert.

Kommunal veg

Strakstiltak

ID	Tiltaks kategori	Prioritet	Innspel	Stad	Skildring
01	Fortau/gang- og sykkelveg		Tfp	Florø sentrum	Oppgradering og etablering i sentrumskjeerne er behovsprøvd og vert iverksett der behovet er vurdert størst etter årleg gjennomgang.
02				Nyheimvegen	Oppgradere fortau frå Nyheimsvegen 8 til Svanheimvege
03	Trafikkregulering		Tfp	Florø sentrum	40 km/t sone i sentrum
04 012			Tfp, Fl.	Blålidvegen, kommunal veg	Etablere 30–sone på heile Blålidvegen
05			Tfp	Vedvik, kommunal veg	Auka trafikk frå Rinden til Hammaren. Etablere 30 –sone
06			Tfp	Kommunal veg til Blålidneset	Oppsetjing av møteplasskilt på møteplassane
07				Botnaholten	Redusere fartsgrense
08				Botnavegen v/Saga Fjordbase	Redusere fartsgrense til 30 km/t
09				Vemmelsvikvegen	Redusere fartsgrensa til 30 eller 40 km/t mellom glassmester Kvamme og Falkevik camping.
010				Måløy – Gate 4 Bamsebo og nordover.	Etablere fartsmålmar som registrerer køyrefarten. Ev. etablere fartshumpar.
011				Fagerlia	Fartsreduserande tiltak i Fagerlia mellom 1b-3a
013				Holvik, Gate 2, Midgårdsvegen, Gate 4, Turnhall	Etablere tidsavgrensa blinkande skulevegskilt ved skulestart/-slutt
015	Veglys			Kommunal veg Knatten (Krokane, Florø)	Etablere gatelys
016				Nybøvegen	Vegbelysning frå oppgradert Nybøveg til Eurospar.
017 018			Fl.	Porsvegen - Bergmovegen - Vestnesvegen	Gatelys i Porsvegen - Bergmovegen - Vestnesvegen
019				Standalsvegen	Forlengje strekninga med veglys
020				Brandsøy, Slettevollen (privatveg)	Etablere veglys i privat veg Slettevollen – blir mykje brukt som skuleveg.

ID	Tiltaks kategori	Prioritet	Innspel	Stad	Skildring
014 021			Tfp, Fl.	Færøy og Færøykalven (privatveg)	Veglys på skuleveg på Færøy/Færøykalven,
022				Blålidvegen	Oppgradering av vegbelysning
023	Veg- og brurekkverk		Tfp	Standalsvika	Nytt/oppdragering av rekkverk frå Standalsvika til Øvre Standal
024	Siktutbetring			Deknepollvegen 13	Tujahekk stenger for utsikt til vikeplikt. Hekken bør reduserast i høgde/tynnast ut slik at der blir meir oversiktleg.
025				Nybøvegen/ Sjøvegan	Hekkar som hindrar sikt, som i utkøyringa frå Sjøvegen til Nybøvegen.
026				Kryss Nedre Tennebø - Rv.15 Nordfjordvegen	krysset til Nedre Tennebø – trimming av hekken til bustaden som ligg i krysset, for betre oversikt for gåande og køyrande som kjem frå fortau og for køyrande som kjem frå fortau og Nedre Tennebø.
027				Raudeberg	Vegetasjonsrydding langs skuleveg. Gjengrodd sti på kommunen sin eigedom.
028	Anna		Tfp	Flora ungdomsskule	Betre haldeplass ved rundkøyringa bak skulen i vestre ende.
029			Tfp	Vågavegen	Busskur i Vågavegen kryss til barnehage.
030			Tfp	Raudeberg, Øvrevegen	Feil utforming av fartshumpar på Øvrevegen (Raudeberg) gir unødig stor oppbremsing og akselerasjon. Etablering av nye fartshumpar med rett avstand og rett utforming.
031				Florø v/Nyheimvegen	Flytta busstoppet frå parkeringsplassen til Nyheimvegen barnehage til ein annan og tryggare plass.

Langsiktige tiltak

ID	Tiltaks kategori	Prioritet	Innspel	Stad	Skildring
032	Fortau/gang- og sykkelveg		Tfp	Holvik, kommunal veg til byggjefelt	Etablere fortau frå fylkesvegen og 50 meter opp i vegen
033			Tfp	Måløy sentrum, gate 2	Etablere fortau i gate 2, frå kryss med Televegen til Kinoen. Det er tidlegare utarbeida reguleringsplan for tiltaket.
034	Vegutbetring			Måløy	Tunnel frå gate 1 til gate 6
035				Blålidvegen	Frå Skavøypoll skule til Blålida trengs det vedlikehald og litt utbetring. Fleire møteplassar, mindre utvidingar, ny asfalt, fjellrensk og vegetasjonsryddiglang vegen.
036				Standalsvegen	Vegutbetring mellom nedre og øvre Standal.
037	Anna		Tfp	Vågavegen	Etablering av kollektiv haldeplassar 2 stk pr år — m.a. busstoppestader (årleg) ovannemnde i Vågavegen og Fv.611

Fylkesveg

Strakstiltak

ID	Tiltaks kategori	Prioritet	Innspel	Stad	Skildring
038	Fortau/gang- og sykkelveg			Fv.445 – Kinnvegen Frå flyplassen og til sjukehuset	Kantane på fortaua er til hinder for syklende og dei med rullestol og barnevogn.
039			Tfp	Fv. 617 Måløy sentrum v/ Kino	Forlengje / utvide fortau framfor Kino (20 m)
040				Fv.5715 Oppdedalsvegen	Fortau frå byggefelt/barnehage til Bunnpris
041				Fv.445 Kinnvegen	Høge asfaltkantar vanskeleggjer sykling.
042				Fv.445 Kinnvegen	Gangfelt frå Åsheimvegen til nr 10.
043 054	Trafikkregulering		Tfp, Fl.	Fv.5704 Verpevika – til kryss m/riksvegen (Brandsøy)	Fartsgrense 50 km/t på Fv.548 frå Verpevika til kryss m/riksvegen (Brandsøy) og ev. 30 km/t på strekninga frå skulekrysset til Rv5.
044 053			Tfp, Fl.	Fv.5704 Verpevika – Brandsøy skule	Skilt «Skuleveg»
045			Tfp	Fv.5717 Røysa	Flytting av 50-sonen ca. 200 meter
046			Tfp	Fv 5715 Måløy – Holvik –Vågsvåg	Oppsetjing av møteplasskilt på møteplassane
047			Tfp	Fv.5716 Raudeberg – Kråkenes	Oppsetjing av møteplasskilt på møteplassane
048				Fv.5704 Firdavegen	Redusere fartsgrense langs Firdavegen
049				Fv.5718 - Ulvesundvegen	Høg fart. Gjennomføre farts overvåking og avbøtande tiltak.
050 052 055			Fl.	Fv.5715 Oppedalsvegen	Nedsett fartsgrense frå 50 km/t til 30 eller 40 km/t frå Halnes til Holvika
051				Fv.5704 Firdavegen	Senke fartsgrense til 30km/t 100 m før (retning mot sentrum, frå Havhesten) og etter dette overgangsfeltet
056				Fv.611 Ausevikvegen	Redusert fartsgrense gjennom Litle Høydal

ID	Tiltaks kategori	Prioritet	Innspel	Stad	Skildring
057				Fv.5716 Kvalheimsvegen	Redusere fartsgrensa til 40 km/t på heile strekninga gjennom Kvalheim bygd på dei delane av vegen kor der er dårleg oversikt/fare for barn leiker.
058 063	Kryssingspunkt/ gangfelt		Fl.	Fv.445 Kinnvegen	Etablere gangfelt over fylkesvegen frå Soldalvegen og Vågavegen.
059				Fv.5718 Ulvesundvegen	Sikre eksisterande gangfelt ved buskur ved Ivahavet. Belysning av gangfelt og haldeplass samt fartshump ved gangfelt.
060				Fv.5704 Firdavegen	Etablere intensivbelysning av gangfelt i kryss mellom Gaddevåggata og Firdagvegen
061				Fv.5704 Brandsøyvegen	Ønske om heva gangfelt langs Brandsøyvegen. Etablere gangfelt og intensivbelysning ved Sjøtunet, Instetunet, Plassen, Slettevollen. Heve gangfelt v/Slettevollsholten.
062				Fv.5718 Ulvesundvegen	Etablere gangfelt lenger ned langs Ulvesundvegen og få til ein hensiktsmessig overgang ved Rema 1000 og nede ved starten til Turveien.
064	Veglys		Tfp	Fv.5704 Brandsøy – kryss v/Rv.5	Lys langs Fv548 frå gravplassen (Brandsøy) til kryss ved Rv5.
065			Tfp	Steinhovden skule	Gatelys ved skulen.
066			Tfp	Fv.5716 Leite	Manglande gatelys og sikker kryssing frå busstopp og over til Leite .
067				Fv.5704 Brandsøy	Busskuret i krysset på Nygård (krysset mellom sørsidevegen til Brandsøya og vegen til Krokane) har svært dårleg belysning.
068	Vegutbetring		Tfp	Fv.5702 Rognaldsvåg	Fleire møteplassar og snuplassar.
069				Fv.611 Svortevik - Eikefjord	Oppgradering av vegstandard.

ID	Tiltaks kategori	Prioritet	Innspel	Stad	Skildring
070				Fv.5698 Nordalsfjord v/Øya «Arthursvingen»	Etablere møteplass i svingen og rekkverk mot elva.
071				Fv.5698 Nordalsfjord	Fjellreinsk og sikring av lause masser ved Gjelvika.
072	Veg- og brurekkverk		Tfp	Fv.5701 Askrova v/Espeseth	Rekkverk nedom grusvegen til Espeseth.
073				Fv.617 – Nedrevegen	Montere rekkverk mellom bilvegen og gangvegen på strekninga mellom Måløy og Raudeberg.
074			Tfp	Fv.5715 Holvik - Nordoppedalen	Oppsetjing av rekkverk med fokus på strekninga Holvik – Vågsvåg.
075				Fv.5698 Nordalsfjord	Oppgradere rekkverk mellom Øya og Kjørslevika.
076	Siktutbetring			Fv.445 Kinnvegen frå flyplass-området til sentrum	Utbetre sikt i kryss og avkøyrslø og vegetasjonsrydding av hekkar langs fortau.
077				Generelt langs fylkesveg	Vegetasjonsrydding langs fylkesvegnettet.
078				Fv.5715 Oppdedalsvegen	Siktutbetring ved Bunnpris, ev. større parkeringsplass.
079	Anna		Tfp	Fv.5717 Røysa – Halsør - Vedvik	Montering av fire bussskur.
080				Fv.5715 Oppdedalsvegen	Fartsdemperende tiltak i Vågsvåg i området ved haldeplass for buss.
081				Fv.5715 Oppdedalsvegen	Busstopp for skulebuss i Holvik.
082				Fv.5704 Brandsøyvegen	Etablere bussskur på sørsida ved Slettevollen.
083				Fv.5698 Nordalsfjord	Sikring av stikkrenne med kumme eller liknande ved Smaløyra

Langsiktige tiltak

ID	Tiltaks kategori	Prioritet	Innspel	Stad	Skildring
084	Fortau/gang- og sykkelveg		Tfp	Fv.611 Eikefjord skule – Rv.5	Gang- og sykkelveg 1,4 km.
085			Tfp	Fv.5704 Solheimslia – Brandsøy	Gang- og sykkelveg 2,7 km.
086			Tfp	Fv.611 Eikefjord barnehage (Sørgard-Vikavegen)	Gang- og sykkelveg 0,4 km.
087			Tfp	Fv.5715 Sæterneset	Etablere nytt fortau (200 meter).
088 092 093 097 0100 0101 0111			Tfp, Fl.	Fv.5715 Måløy - Holvik - Vågsvåg	Utvide fylkesvegen og ny gang- og sykkelveg.
089			Tfp	Fv.5715 Kapellneset - Raudeberg	Utbetring av veg med gang- og sykkelveg/fortau (1600 m).
090			Tfp	Fv.5715 Raudeberg- Røysa	Utbetring av veg med gang- og sykkelveg/fortau (1200 m).
091			Tfp	Fv.5716 Raudeberg	Manglande fortau på strekninga frå krysset og opp til skulen. Etablere fortau på strekninga frå krysset til skulen (300 m). <i>Reg.plan under utarbeiding. Har vore ute på høyring.</i>
094				Fv.5717 Nedrevegen	Etablere gang- og sykkelveg med veglys frå Raudeberg til Røysa.
095				Fv.5117	Trygg veg mellom bygdene Raudeberg - Halsøy - Vedvik - Refvik – Raudeberg for skulebarn til skule og fritidsaktivitetar.
096 098 099 0102			Fl.	Fv.5704 Brandsøyvegen	Etablere gang- og sykkelveg langs Brandsøyvegen.

ID	Tiltaks kategori	Prioritet	Innspel	Stad	Skildring
0103	Veglys		Tfp	Fv.5698 Solheim skule Norddalsfiord,	veglys ca 800 meter austover og 300 meter vestover.
0104				Fv.5718 Ulvesundvegen	Veglys i Hagevik.
0105 0106				Fv.5715 Oppedalsvegen	Måløy – Holvik etablere vegbelysning.
0107	Vegutbetring			Vågsberg – Holvik på fylkesvei 5715 Måløy- Oppedal.	Utviding av veg og sikring mot steinsprang/ras.
0108				Fv.617 Nedrevegen	Utviding av veg frå Kapellneset til kyrkja på Raudeberg.
0109			Tfp	Fv.614 Straumsnes – Haukå	Rassikring.
0110			Tfp	Fv.5697 Nyttingsnes - Sandvik	Rassikring.
0112 0113				Fv.5715 Oppedalsvegen	Utbetring av møteplassar mellom Holvik og Måløy.

Riksveg

Strakstiltak

ID	Tiltaks kategori	Prioritet	Innspel	Stad	Skildring	
0114	Trafikkregulering			Rv.5 – Sundafjell-tunnelen	Varselskilt som varslar sykklistar i tunnelen på kvar side av tunnellinggangen.	
0115			Tfp	Rv.5 på strekninga mellom krysset med fv.548 i Brandsøy og avkøyringa til Brandsøyåsen,	Fartsgrense 60 km/t	
0116			Tfp	Rv.5 på strekninga mellom avkøyrslø Botnaneset og Kanalbrua	Fartsgrense 60 km/t	
0117			Tfp	Rv.15, heile kommunen	Betre oppmerking og gul midtstripe med riller (Sinus midtlinje)	
0118 , 0119				Rv.5 Skudalsvegen v/Evja	Utviding av fartsgrensa 50 km/t frå brua i kanalen - Skudalsvegen til rett etter avkøyrslø til botnaneset/Botnavegen.	
0120				Rv.15 Raudegga – Brunsvik	Redusere fartsgrense frå 80 km/t til 60 km/t.	
0121				Rv.5 Florøvegen	Redusere fartsgrensa frå 80 km/t til 50/60 km/t ved avkøyrslø frå Tonheim mellom to uoversiktlege kurver på riksvegen.	
0122		Kryssingspunkt/ gangfelt			Rv.15 Nordfjordvegen	Etablere heva gangfelt over vegen til modulskulen på Deknepollen
0123					Rv.5 Markegata	Gangfelt ved nr.46 og 43. Gangfelt ved nr. 9
0124		Veglys		Tfp	Rv.5 Grov — kryss med fv. 614 og busslomme	Gateljos
0125			Tfp	Rv.5 Brandsøy	Veglys frå busslomme til avkøyrslø/parkeringsplass	
0126				Rv.15 Gate 2	Belysning ved haldeplass for buss	

ID	Tiltaks kategori	Prioritet	Innspel	Stad	Skildring
0127	Anna		Tfp	Rv.15, busslommer	I dag er mange busslommer utan fortau/opphøgd plattform. Dette kan vere ein risiko i høve til påkøyrslar, spesielt på glatta. Etablere fortau / opphøgd plattform på busstoppa for dei ventande busspassasjerane.
0128				Rv.15 Tennebø	Manglar busskur ved haldeplass.

Langsiktige tiltak

ID	Tiltaks kategori	Prioritet	Innspel	Stad	Skildring
0129	Fortau/gang- og sykkelveg		Tfp	Rv.5 Skudalen – Fugleskjæret (Markegata)	Oppruste gata/bygge fortau/avkøyrsleregulering.
0130	Trafikkregulering		Adm	Rv.5 - Florø	Trafikksignalregulering av «Victoria krysset».
0131	Kryssingspunkt/gangfelt			RV.15 Deknepøllkrysset v/ Rema 1000	Tryggare kryssing av skuleveg for fotgjengar og syklende med over/undergang.
0132			Adm	Rv.5 - Florø	Signalregulert gangfelt mellom Florø kulturhus og Byparken
0133	Vegutbetring			Fugleskjærgata/ Fugleskjærskaya	Etablere gang- og sykkelveg, redusert fartsgrense vegbelysning, busshaldeplass og gangfelt.
0134			Adm	Rv.15 – Kryss Ytre Kulen	Utbetring av kryss og sikre trygg kryssing for mjuke trafikantar.

Andre tiltak

Tiltak presentert i tabellen under er innspel som er planlagt utført eller ikkje kjem inn under kategorien fysiske tiltak, men som likevel vurderast som viktig å få fram i denne trafikktryggleiksplanen.

ID	Tiltaks kategori	Stad	Skildring	Prioritet	Kommentar
0135		Kinn kommune	Sykelstrategi frå Almeningen gjennom Polljen, Måløygatene og til Refvik, Kråkenes fyr og Kannesteinen.		
0136		Kinn kommune	Gåstrategi for området Måløy-Raudeberg-Polljen-Holvik.		
0137		Florø og Måløy	Markere skuleveg varsel på GPS'ar/bilistar sine navigasjonsutstyr/ GoogleMaps. Kommunen registrerer ein del gater som skuleveg- gater i Måløy og Florø slik at bilistane sine GPS - system kan varsle at ein køyrer på skuleveg, og at den til bestemte tider på døgnet åtvarar bilistane.		
0138		Kinn kommune	Utarbeide ein eigen belyningsplan for kommunen		
0139	Kryssings punkt/ Gangfelt	Livius Smittgate	Ruste opp gangfelt på aust og sørsida av Havglytt. Her må det leggest nytt toppdekke (asfalt) slik at dei som ferdast her kan føle tryggleik.		Tiltaket vert gjennomført vår/sommar 2021
0140		Havrenesvegen	Omklassifisering/sambinding av Rv.5 og Havrenesvegen over Norheimsmarka – vegen må få status som fylkesveg.		Tfp
0141		Michael Sarsgate – Markegata	Omklassifisering av kommunalveg mellom Michael Sarsgate – Markegata til fylkesveg		Tfp

ID	Tiltaks kategori	Stad	Skildring	Prioritet	Kommentar
0142		Måløy sentrum, parkering	Fleire av gatene er problematiske i forhold til parkering. Det må lagast ein samla plan for parkering inkl. standardisere av tillate parkeringstid.		Tfp
0143		Stavang	Betring av ferjetilbod til nærliggande øyer.		
0144		Panoramapunkt	Etablere utkikkspunkt langs vegane i heile Kinn kommune som kan leggast betre til rette for folk å bruke.		
0145		Færøy og Færøykalven	Barn frå 1 til 4 klasse har automatisk krav på fast følge på skuleveg som krev korresponderande transport med bytte. (ikkje berre Fugleskjærskai)		
0146		Rognaldsvåg	Utbetre ferjetilbodet til Rognaldsvåg. Nyta større båtar til frakt av dyr.		
0147		Stavang – Florø	Etablere ferjestopp ved Stavang kai.		
0148		Florø - Norddalsfjorden.	Fleire bussavgangar.		
0149		Florø	Innfartsparkering utanfor Florø i kombinasjon med kollektivtransport.		
0150		Florø til Eikefjord/Naustdal/Førde	Utvide rutetilbodet for buss om kvelden.		
0151		Fv.617 Nedrevegen	Utarbeide reguleringsplan for betring av framkomst for mjuke trafikantar.		
0152		Fv.5718 Osmundsvåg	Utbetre busstilbod ev. etablere «bybuss» til fleire bygder og til Kulatoppen omsorgssenter		

Kostnader av trafikksikringstiltak

Tabellen under gjev ei oversikt over estimerte kostnader ved etablering av ofte brukte fysiske trafikksikringstiltak. Estimerte kostnader er basert på erfaringstal samt kontrollert opp mot Transportøkonomisk Institutt sin Tiltakskatalog for transport og miljø.

Tiltak	Estimerte kostnader inkl. mva.
Fortau	Ca. 10 000 kr. pr. meter
Gang- og sykkelveg	Ca. 15 000 kr. pr. meter
Skilting	10 000 kr. pr. skiltpunkt
Fartsdempande tiltak	Ca. 50 000 - 250 000 kr.
Veglys	Ca. 1 750 000 kr. pr. km veglys + driftsutgifter
Vegrekkverk	2000 - 3500 kr. pr meter
Gangfelt	100 000 – 200 000 kr. pr. gangfelt inkl. veglys
Planskilt kryssingsstad	5 000 000 - 15 000 000 kr.
Signalregulert gangfelt	1 000 000 – 1 500 000 kr. + driftsutgifter